



## Notat

Dato: 26.03.2019  
Arkivsak: 2018/7973-8  
Saksbehandlar: jonsmor

---

<b>Til:</b>	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Dekkeleggingsprogrammet for 2019

Fylkesrådmannen vil med dette orientere om dekkeleggingsprogrammet for 2019. Statens vegvesen (SVV) har, i samsvar med Rammeavtale og Leveranseavtale, utarbeidd dekkeleggingsprogrammet ut frå faglege og objektive kriterium.

I budsjettet for 2019 er det satt av 56 mill.kr til dekkelegging og 16 mill. kr vegoppmerking. I vedlagt dekkeleggingsprogram per 25. mars 2019 er det prioritert strekningar på til saman 86,7 km fylkesveg, som SVV har kalkulert med kan vere realistisk å få utført innafør ramma.

I SVV sin årsrapport for fylkesvegane kjem det fram at det vart lagt 100,1 km nytt dekke i 2018. Kostnadane til dekkeleggingsprogrammet i 2018 var 79,1 mill. kr til dekke og 17,4 mill. kr til vegoppmerking. Kostnad per km er avhengig av vegbredde eller generelt omfang av tiltak, samt prisnivå på råvarer og tidspunkt på året arbeidet vert utført. Det er ein fordel med føreseielege rammer frå år til år slik at ein kan lyse ut samla konkurranse tidleg på året og at arbeidet kan utførast i løpet av sommarhalvåret. I 2018 vart det eit meirforbruk på til saman 6 mill. kr i forhold til total budsjettamme for dekkelegging og vegoppmerking. Årsak til dette var auke i råvareprisen, høgare dollarpris enn lagt til grunn, samt at delar av arbeidet måtte utførast i oktober og november med eit pristillegg på kr 60 per tonn. Dette mellom anna som følgje av ekstra tidsbruk til tørking og reinhald på denne årstida.


Statens vegvesen har tidlegare rekna ut at det er behov for ei årleg løyving på om lag 100 mill. kr til dekkelegging og vegoppmerking for å stoppe forfallet av dekke på fylkesvegane. Over tid har forfallet auka og grovt sett trengst det over 800 mill. kr for å fjerne etterslepet.

Kartgrunnlag som viser kvar det etter planen vert lagt nytt dekke i 2019 vil bli lagt ved meldingsaka eller sendt ut så snart dette er klart.

## Dekketilstand og utvikling på fylkesvegane

SVV har utarbeida oppdatert oversikt på dekketilstand og utvikling på fylkesvegane, som er summert opp nedanfor.

**Figur 1: Dekketilstand dårleg/svært dårleg i km**




Figur 1 viser at Hordaland har 1560 km med dårleg eller svært dårleg dekketilstand og dette utgjør 52% av veglenda.

**Tabell 1: Utvikling av dekketilstand på fylkesvegane i Hordaland samanlikna med løyving i mill. kr**

År	2014	2015	2016	2017	2018
Km dårleg/svært dårleg	1490	1506	1501	1569	1560
Løyving i mill. kr	50	100	33	56	74

Tabell 1 viser at frå 2014 til 2018 er etterslepet med dårleg/svært dårleg dekke auka med 70 km i på fylkesvegane i Hordaland, med ei gjennomsnittleg årleg løyving på omlag 62 mill. kr over dekkeleggingsprogrammet. Noko av forklaringa på at etterslepet ikkje har auka meir er nok at litt asfaltering vert finansiert over investeringsprogrammet fornying og opprusting. I fyrste rekke gjennom forsterkningsmidlar til punktutbetring og mindre strekningsvise opprustingar av vegkropp med bærelag, drenering, murar, kantar, rekkverk m.m., der ein legg nytt dekke som ei avslutning. I følgje oversikt utarbeida av SVV fekk ein i 2018 finansiert om lag 13 km nytt dekke på fylkesvegane gjennom desse midlane.

**Figur 2: Utvikling i % tilfredsstillende dekketilstand 2012-2018 på fylkesvegane**



Figur 2 viser at under 40 % av fylkesvegane i Hordaland har tilfredsstillende dekketilstand. Dette har lagt relativt stabilt sidan 2012. Det er berre Troms fylke som har ein så låg del med tilfredsstillande dekke.

#### Vedlegg

##### 1 Dekkeleggingsprogrammet for 2019 - prioriterte strekningar